

## **KS- sak 30/18. Høyring - Nye Øygarden kommune - sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar**

1. Rapporten gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å byggje opp ein struktur som sikrar best mogelege tenester til innbyggjarane. I det vidare arbeidet ønskjer kommunestyret at alle vedtak skal innehalde ei vurdering av kostnader og tenestekvalitet.
2. kommunale næringsinteresser kan i særskilte høve vere viktig for å leggje til rette for og sikre langsiktig næringsutvikling. Denne forma for kommunalt eigarskap må ikkje ha som føremål å opptre som næringsaktør i konkurranse med det private næringslivet. Eigarskapet bør snarare underbyggje og leggje til rette rammevilkåra for regional strategisk viktig næringsutvikling.
3. Øygarden kommunestyre meiner at næringsseigedommar og liknande kommunale eigarandelar bør haldast innanfor den kommunale driftsorganisasjonen. Der Øygarden kommune stiller med styrerepresentasjon bør desse veljast med utgangspunkt i kompetanse og erfaring.
4. Øygarden kommunestyre meiner det ikkje er føremålstenleg med eit eige næringsseigedomsselskap. Nye Øygarden kommune må ta eit samfunnsansvar når det er føremålstenleg, men dette bør ein ikkje handtere gjennom eit eige AS. Ein stiller spørsmål ved korleis eit slikt selskap vil vere økonomisk berekraftig samanlikna med at kommunen sjølv står som eigar av eigedomar.
5. Øygarden kommunestyre meiner Fellesnemnda må gjere ei betre utgreiing av renovasjonstenestene. Ei fagleg og økonomisk utgreiing som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane må leggjast til grunn før ein kan konkludere på vidareføring i eige AS eller i BIR AS.
6. Øygarden Kommunestyre meiner ein må utgreia vidare eit alternativ med eit eige næringsutviklingsselskap, men utgreiingar knytt til lovpålagde tenester som t.d. renovasjon, må prioriterast først.
7. Sunne kommunar er eit nettverk for framifrå folkehelse arbeid. Øygarden kommune har mykje å vinne på godt førebyggjande folkehelse arbeid og bør difor halde fram som medlem i Sunne kommunar.
8. Øygarden kommunestyre tilrår å vidareføre Trigger og oppmodar Fellesnemnda å setje i gong prosessen med naudsynt tilpassing i dialog med Askøy.

Samrøystes vedteken utale i Øygarden kommunestyre 23. mai 2018